

Nye E39 Lavik ferjekai - tryggare og trivlegare

NÆRINFO 4

E39 Lavik og Oppedal



Støypinga av Kvamsneset bru gjekk kontinuerleg i to døgn.

Det har vore ein fin og mild vinter for anleggsdrift, og arbeidet går for fullt på begge sider av Sognefjorden. Etter påske blir det nytt køremønster både i Lavik og på Oppedal.

Innan april er ei rekke milepælar nådde på begge anlegga. I Lavik er den nye E39-brua ved fjorden ferdig støypt, og pelinga av ferjepir unnagjort. På Oppedal er det sprengt ut store mengder stein, og grunnarbeidet er ferdig. Her startar no peling av den nye ferjepiren.

Ny vassforsyning til Lavik

Som ein del av kaiprojektet samarbeider Høyanger kommune og Statens vegvesen om eit nytt høgdebasseng over ferjekaia i Lavik. Arbeidet har starta, og skog er høgda ned i området der utbygginga skal skje.

– Her skal det byggast eit vassmagasin, med leidning rett ned til ferjekaia. Leidningen vil ha eit naturleg trykk, når ferja skal tappe vatn vil det difor ikkje svekke vasstrykket i resten av bygda slik det gjer i dag, forklarar prosjektleiar Oddvin Hov.

Høgdebassenget vil også fungere som eit ekstra vassmagasin for bygda, og for det nye byggefeltet som skal etablerast i området.

Kommunen og vegvesenet har også samarbeidd om eit nytt avløpssystem i underkant av det nye E39-krysset i retning Vadheim. Dette nye systemet, som også har slamavskillar, er allereie teke i bruk.

Kvamsneset bru

Støypinga av Kvamsneset bru vart gjennomført i slutten av mars, og i nydeleg vårvêr gjekk alt som planlagt. Støypinga gjekk kontinuerleg over to heile døgn.

Brua er 90 meter lang og 15,5 meter brei. I alt gjekk det med godt over 1000 kubikkmeter betong.

Det meste av etterarbeidet på brua skal stå ferdig til påske. Brua skal første spennast opp, og deretter kan forskalinga fjernast. Etter planen skal anleggstrafikken kunne bruke brua i løpet av våren.

Tre ferjer i påska

Nede på kaia er halvparten av landkaiområdet ferdig. Pelinging av ferjepiren skal stå ferdig til påske, og innan 1. desember skal den nye ferjepiren takast i bruk, men berre med ein lem.

– Korleis vil trafikkavviklinga bli i påska, ei høgtid med mykje utfart?

– Det vil bli tre ferjer på sambandet på dei store utferdsdagane i påska, og difor er det lite truleg at det blir lange køar eller kaos. I høgtidsdagane er det heller ikkje arbeid på anlegget, seier prosjektleiar Hov.

På ferjekaia er alle hus, med unntak av butikken, rivne.

– Det er ikkje avklara når dette bygget skal rivast, men slik det ser ut no kan butikken flytte inn i nye lokale, før eksisterande lokale vert rive, seier Hov.

Oppedal ferjekai

Også på andre sida av fjorden blir det endringar på ferjekaia. Her er store mengder stein sprengt vekk for å utvide kaiområdet.

Nye parkeringsplassar og ladebygg for el-bil skal stå ferdig i løpet av dei neste vekene. Etter dette startar arbeidet med elektro, grøfing og vassleidningar på eksisterande kaiområde.

I samband med dette arbeidet må filer flyttast, og køyremønsteret kan bli endra.

I tillegg til ny ferjlem skal det også byggast ein pir der ferja kan legge til. Her er det installasjonar med ladeutstyr for batteriferja som skal inn på sambandet frå 2015. Undervass-sprenginga ved piren er ferdig, snart skal pelearbeidet starte.

Når den nye kaia står ferdig skal dagens kai på Oppedal fungere som reserve- og kvilekai for ferje nummer tre. I dag finst det ingen reservekai på sambandet Lavik–Oppedal, noko som gjer at ved tekniske problem vil næraste reservekai vere Mannheller–Fodnes, langt inne i Sognefjorden.

Talet på oppstillingsplassar på Oppedal vil auke frå ca. 115 til 153 personbilar. Den nye ferjekaia skal stå ferdig til desember 2014.

Kontaktpersoner:

Prosjektleiar **Oddvin Hov**, tlf. 57 72 40 61 / 952 53 141
e-post: oddvin.hov@vegvesen.no

Byggjeleiar **Reidar Fristad**, mob. 974 21 990
e-post: reidar.fristad@vegvesen.no

LAVIK FERJEKAI:



Grunnlaget for ny veg langs fjorden er lagt, og det meste av muringsarbeidet er i sluttfasen.



Pelingsarbeidet på ferjepiren skal vere ferdig til påske.

OPPEDAL FERJEKAI:



Ny ladestasjon for el-bilar står klar på Oppedal ferjekai.



Der båten ligg skal den nye ferjepiren komme. Her har det blitt sprengt vekk berg under vatn, og snart startar pelearbeidet etter samme metode som på ferjekaia i Lavik.